



Eivind Platou (43) står bak boka «Bygg selv». (FOTO: Colin Eick/Kagge Forlag).



Bordplata er laga av 31 plankar Eivind Platou hadde til overs. Legg merke til bordenden. (FOTO: Colin Eick/Kagge Forlag).

# riфта bolert heim

Familien fekk også sitt eige «hyllerom» då eitt stort rom vart delt opp i to mindre. I dag er det eine rommet ein liten gong med hyller innfelt i to av veggane.

– Hyller er noko av det enklaste å byggja sjølv, og var noko av det fyrste eg gav meg i kast med. Me ville ha fleire store veggdek-kjande hyller som gjekk frå golv til tak. I dei aller fleste tilfella må det tilpassast vegen ein har til rådighet, og ein må enten kontakte ein møbelsnikkar eller byggja det sjølv for å få den breidda, høgda og djupna ein ynskjer. Målet er å utnytta plassen optimalt, seier Platou, som legg til at store vegghyller fungerer bra som støyisolasjon.

Bortsett frå lampene er alle prosjekta i «Bygg selv» forma i tre. Platou sparer på omtrent alt av tremateriale som blir til overs etter oppussingsprosjekt. Både plankar og pallar blir tatt vare på. Det same gjeld treverk frå utgatte møblar og reiskapar. Då riveskafte knakk, vart den fungerande delen av skafte handtak til ein flaskekasse.

– Treverk som ikkje er øydelagt, kan fint brukast igjen. Eitt eksempel er spisebordet vårt, som er laga av restplankar med ulike breidder og tjukkeleikar. Ideen er delvis henta frå Will Holman, ein amerikansk «geriljadesignar», fortel Platou.

## Humor i design

Eivind Platou og Colin Eick legg ikkje skjul på at fleire av gjenstandane i boka er modifiserte utgåver av noko dei har sett an-

dre stader.

– Slik er det jo ofte med design, det handlar om forbetring og utvikling av noko ein kjenner frå før. Vårt mål med boka er at fleire kvinner og menn skal våga å setja i gang med små og halvstore møbelsprosjekt. Bruk oppskriftene våre som dei er, tilpass dei om ynskeleg, eller bygg vidare på ideane, oppfordrar dei.

Forfattarane understrekar at dei langt frå er møbelsnikkarar. For dei stammer interesse for snikring frå behov for å pusse opp og innreie eigne bustader, med til dels bratt læringskurve når det gjeld enkelte prosjekt. Andre gonger handlar det mest om å laga noko morosamt og annleis. Lesebord dekte med legoplater er eitt eksempel.

Platou har elles laga ei knaggrekke av barnekleshengjarar saga i to, ein krakk der ein kviler rumpa på ein skateboard, ein lampe der foten består av samanlimte og kvitmalte leiketøysfigurar, ein lampe-skjerm av mjølkekartongkorkar og ein lampe-skjerm av gamle dias. I denne samlinga høyrer også stumtenaren «Snurr» heime.


– Det er fantastisk kor mykje ein kan laga av ting ein allereie har, og det kan bli mykje billigare enn det ein får kjøpt. At gjenbruk, ombruk, reparering og ombygging er miljøvennleg, er også verdt å tenkje over, poengterer Eivind Platou og Colin Eick.

**Tekst: Bjørn Hugo Pettersen**

## Tips og råd

- Lag ein arbeidsteikning av det du skal byggje. Det er tidsparande. Av same grunn bør du måle nøyaktig, og kappe alle lengdene du treng før du set i gang.
- Hobbyplater av furu er billige og fungerer godt som materiale i mange møblar, for eksempel hyller og senger.
- Viss du har plass, ta vare på treverk som blir til overs. Restar frå oppussinga kan bli til alt frå matbord til fuglekasse.
- 14 reiskapar du treng, som kan leggjast i verktøykasse eller skuff, eller hengjast på vegen: Måleband, tommestokk, vinkel, vater, hammar, handsag, skrutrekkjarar, skiftenøkkel, drill, stikksag, tvingar, høvel, stemjern og slipemaskin eller sandpapir.
- I tillegg er det to større reiskapar ein bør ha, men som tar litt meir plass: Kapp- og gjørsag og sirkelsag. Begge sagene er enklast å handtere med tilhøyrande benk slik at ein kan kappe medan ein står.

(Kjelde: Eivind Platou og Colin Eick) ©NPK npk@npk.no



# Oselvarbibelen klar i dag

**Det har ikkje vore gjort i ei hand vending for Kjell Magnus Økland å ferdigstilla bokverket om den høgst levande tradisjonsbåten oselvar. I dag vert ho endeleg lansert.**

Oselvar - den levande båten av Kjell Magnus Økland kjem ut på Skald forlag, og utgjevinga vert markert med bokslepp ved Torget i Bergen i kveld. Også på øyane våre har det vore ein lang tradisjon for denne båttypen, der mellom andre den nyleg avdøde båtbyggjaren Peder Vassnes var kjent for det framifrå handverket sitt. I mellomkrigstida var òg øyfolket ivrige deltakarar i kappseglsar med båten, noko som tok seg oppatt på 1990-talet med den aktive seglforeininga med basen i Gråsidalen.

## Som vikingane

Austevollingane var òg blant dei siste som sigla oselvaren med råsegl, slik vikingane rigga skipa sine. Råsegla vart mellom anna brukt både på Hevrøy og Lunnøy godt innpå 1900-talet. I dag vert oselvaren rigga med såkalla prissegl når det skal seglast konkurransen.

Forfattaren som er flaska opp med båten, som har Os-Tysnes-Austevoll som hjarta sitt, er viss på kva som gjer oselvaren til noko anna enn ein historisk parantes.

– Noko av nøkkelen til at oselvaren framleis er så aktuell heng saman med at båttypen, både for årer, segl og motor, har alle dei kvalitetane nymotens båtbrosjurar lovprisar. Han er sjødyktig, kan fraktast med tralle, lett å handtera, turvenleg og fleksibel. Med nokolunde stell varer båtane svært lenge, og same båten kan gje nær-sjødne opplevingar

til både to, tre og fire generasjonar båtbrukarar. Det må jo vera ei fornuftig investering i livskvalitet! fortel Økland i pressemeldinga frå forlaget.

## Fyrste verk

Boka gjev den fyrste samla framstillinga av mangfaldet i oselvaren si historie, og presenterer eit variert historisk og teknisk materiale i populærvitenskapleg form. Mykje av dette stoffet har ikkje tidlegare vore publisert. Boka inneheld tekst, gamle og nye fotografi, tabellar, kart, figurar og teikningar. Vidare rommar boka folkloristisk stoff med eit stort persongalleri samt ei rekkje element kring immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap. Boka speglar kyst-, idretts- og folkekulturen på Vestlandet gjennom fleire århundre, med avstikkarar langs heile Norskekysten og til utlandet. Fokuset i boka er òg framover i tid, med praktiske råd til nye båtbrukarar. Ho er med med andre ord ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk for både den nyfikne og for fagpersonar, heiter det i presentasjonen av boka.

Tysnesingen Økland er utdanna cand. mag. Frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitenskap, historie og mediefag.

